

**Fra:** Einar Aalen Hunsager (Einar.Aalen.Hunsager@hfk.no)  
**Sendt:** 18.02.2016 09:45:34  
**Til:** Tale Halsør  
**Kopi:**

**Emne:** SV: Lokale miljø- og klimatiltak

**Vedlegg:**

**Norsk Klimastifting v/Parup Michelsen**

1. Er dette ein god ide?

Tema er høgst relevant med tanke på fylkeskommunale mål (20% utsleppsreduksjon innan 2020) og strategiar (framføre alt strategi D «Overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp» og tilhøyrande understrategiar for ulike transportoppgåver/-former). Dessutan set det fokus på vesentlege aspekt som førebuinga av utsleppfri kollektivtransport i Bergen og identifiseringa av andre drivarar for klimatiltak – i dette høve regional næringsutvikling. Den planlagde rapporten kan få fram ulike stemmer for å rette offentleg merksemd mot barrierane i dei ulike sektorane.

2. Fornuftig budsjett?

Budsjettet syner tal på timer for prosjektleiing, men ikkje for utarbeiding av rapporten. Postane syner å vere realistiske og eit eventuelt fylkeskommunalt tilskot utgjer kring 30% av totalsummen. Det er truleg realistisk.

3. Nyttig for samfunnet?

Ja. Erfaringa frå prosessen rundt ferjeanboda syner kor viktig det er å få fram kor problema ligg (kunnskap, risiko, finansiering eller liknande). Informasjon om barrierar kan vere nyttig for politisk nivå med omsyn til å etablere gode verkemidlar for å nå måla. Å fokusere på synergieffektar med næringsutvikling er eit viktig grunnlag for berekraftig verdiskaping.

4. Genererer det lokalt engasjement og handling?

Proessen med workshopar inkluderer lokale aktørar på input-sida, det er dessutan avgjerande korleis rapporten bidreg til å skape nye diskusjonar. Her har Klimastiftinga og næringsaktørane som bidreg inn i prosjektet ei viktig rolle.

Konklusjon: Prosjektet er høgst relevant og nyttig for fylkeskommunen og samfunnet. Budsjettet syner å vere realistisk. Prosessen dreg med seg relevante aktørar og resultatet er eit viktig grunnlag for vidare handling på feltet.

---

**Fra:** Tale Halsør [mailto:Tale.Halsor@hfk.no]

**Sendt:** 17. februar 2016 15:44

**Til:** Einar Aalen Hunsager

**Emne:** Lokale miljø- og klimatiltak